

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe**

2015/1941-17

**Saksbehandlar**

Tormod Fossheim

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
2016/81	Formannskapet	08.09.2016
	Kommunestyret	

## Utviklingsprogram for Husnes som regionsenter - oppstart av prosjekt

### Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad kommunestyre vedtek oppstart av prosjektet «Utarbeiding av kommunedelplan for utvikling av Husnes som regionsenter».

I første omgang skal det gjennomførast eit forprosjekt/delprosjekt (nedanfor kalla forprosjektet) som omfattar utarbeiding av planprogram for kommunedelplanen i samsvar med plan og bygningslova §4-1.

Forprosjektet har ei brutto kostnadsramme på kr 500.000 inklusiv kr 150.000 i eigeninsats (personellressursar). Det går over 2 budsjettår og vert å finansiera slik:

- ✓ 200.000 frå budsjettpost Tilrettelegging bustadfelt i investeringsbudsjettet 2016.
- ✓ 150.000 frå tilsvarande budsjettpost i økonomiplanen 2017.
- ✓ - kr 200.000 vert utbetalt som tilskot frå fylkeskommune i 2017 i samsvar med tilsegn og tilbakeført budsjettposten Tilrettelegging bustadfelt.

### Saksutgreiing:

#### Bakgrunn

- Fylkestinget vedtok den 10.12.2014 «Regional plan for attraktive senter i Hordaland». Kvinnherad vart fastsett som eigen region med Husnes som regionsenter.
- Formannskapet gjorde i tråd med dette den 20.08.2015, sak 2015/68, følgjande vedtak:
  - For å vidareutvikle regionsenteret Husnes må innsatsen konsentrerast om å leggje til rette for ny vekst i området.
  - Formannskapet vedtek difor å etablere eit 1-årig forprosjekt for å greia ut ei vidareutvikling av Husnes som regionsenter.
  - I tråd med vedlagte projektskisse skal prosjektet greia ut strategiar med handlingsplanar.
  - Rådmannen legg innan august 2016 fram sluttrapport frå prosjektarbeidet, med forslag til vidare arbeid.
  - Då dette er eit viktig næringsutviklingsprosjekt blir styret for næringsfondet oppmoda om å løyve kr 90.000 til prosjektet.

- *For å få prosjektet fullfinansiert blir det søkt om midlar frå fylkeskommunen, fylkesmannen og Samarbeidsrådet for Sunnhordland, slik prosjektskissa legg opp til.*
  - *Inntil finansieringa er på plass og prosjektleiar engasjert, blir rådmannen pålagt å arbeida vidare med prosjektet. Fokus må då spesielt rettast mot planlegging av bustadområder.*
  - Rådmannen vedtok å gjennomføra prosjektet som ein *kommunedelplan*, med forprosjekt: Utarbeiding og fastsetting av planprogram. Verksemd for samfunnsutvikling fekk prosjektansvaret.
  - Med dette som grunnlag vart det søkt fylkeskommunen om kr 200.000 i støtte til forprosjektet innanfor støtteordninga «Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland».
- Det var tidlegare søkt om kr 30.000 i tilskot frå Samarbeidsrådet for Sunnhordland som vart avslege.
- Kvinnherad kommune mottok den 26.05.2016 tilsegn om kr 200.000 i tilskot frå Hordaland fylkeskommunen.
  - Kvinnherad kommunestyre har i Planstrategi for Kvinnherad 2015-2019 vedteke at kommunedelplan for Husnes-området er ein prioritert plan med oppstart i 2017.

## Prosjektgrunnlag

Fylkeskommunen har ved tildeling av midlar lagt følgjande til grunn:

### Prosjekt mål

#### *Hovedmål:*

*Husnes er eit livskraftig og attraktivt regionsenter.*

#### *Prosessmål:*

- Alle innbyggjargrupper (spesiell fokus på ungdom, eldre og imigrantar), næringsliv, lag og organisasjonar, ungdom, offentlege tenestetilbydarar, politikarar og kommuneadministrasjon samhandlar godt og effektivt.
- Nabokommunane er positivt delaktige i prosessen.

#### *Effekt mål:*

- Husnes si rolle og funksjon i nettverk av regionsenter i Hordaland er avklara.
- Husnes si rolle og funksjon i regionen Kvinnherad er avklara.
- Det er godt tilrettelagt for fleire arbeidsplasser i privat sektor.
- Planen viser fordeling av bustadareal og bustadtyper i området.
- Det er godt bustadmiljø i sentrum for alle innbyggjargrupper.
- Det er god tilrettelagt infrastruktur for gåande, syklende, kollektivtrafikk, bilbasert nær- og fjerntrafikk, telekommunikasjon og energi, vatn og avløp.
- Husnes er attraktiv for besøkjande.

### Aktivitetar forprosjektperioden:

September 2016: Oppstart med sak for formannskapet.

September: Kontrakt med ekstern hjelp.

Oktober - Arbeid med planprogrammet basert på brei medverknad. Metode vert fastsett seinare.

April 2017: Planprogrammet vert utforma og lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

Juni 2017 : Planprogrammet vert fastsett av formannskapet.

### Prosjektorganisering (gjeld for forprosjektet og heile prosjektet)

*Prosjekteigar:* Kvinnherad kommunestyre

*Prosjektansvarleg:* Rådmann Odd Ivar Øvregård

*Prosjektleder:* Verksemd for samfunnsutvikling v/Kjartan Thoresen

*Styringsgruppe:* Kvinnherad formannskap

*Referansegruppe/Ressursgruppe:* Vert utpeikt seinare, men skal ha brei representasjon

*Samarbeidspartnarar:*

Hordaland fylkeskommune.

Næringsliv, lag og organisasjonar i Kvinnherad

## **Om forprosjektet**

I Plan- og bygningsloven §4-1 heiter det om planprogram:

*For alle regionale planer og kommuneplaner, og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkningar for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeides et planprogram som grunnlag for planarbeidet. Kongen kan ved forskrift gjøre unntak fra kravet om planprogram for reguleringsplaner.*

*Planprogrammet skal gjøre rede for formålet med planarbeidet, planprosessen med frister og deltakere, opplegget for medvirkning, spesielt i forhold til grupper som antas å bli særlig berørt, hvilke alternativer som vil bli vurdert og behovet for utredninger. Forslag til planprogram sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn senest samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet fastsettes ordinært av planmyndigheten.*

Forprosjektet skal resultera i ferdig fastsett planprogram men vil gå litt lengre enn det som lova krev: I tillegg til å *gjera greie for opplegget* for medverknad, skal *medverknadsprosessen gjennomførast* og det vil vera aktuelt å utarbeida strategiar for å nå målet om Husnes som eit livskraftig og attraktivt regionsenter.

## **Gjennomføring**

Prosjektet er lagt til plankontoret på Verksemd for samfunnsutvikling med Kjartan Thoresen som prosjektleder. Kontoret vil i siste tertial av 2016 vera svært engasjerte med behandling og slutføring av den nye arealdelen til kommuneplanen.

For å halda framdrift på prosjektet, finn rådmannen det difor naudsynt å engasjera ekstern hjelp. Rådmannen har vore i kontakt med Kvinnherad næringssservice som kan ta oppdraget med å laga opplegg og gjennomføra ei brei medverknadsprosess samt gjera vurderingar og dra slutningar for prosessen vidare.

## **Økonomisk konsekvens:**

Kostnadsplan:

Eigeninnsats (personellressursar)	kr 150.000
Ekstern hjelp	<u>kr 350.000</u>
Sum	<u>kr 500.000</u>

Finansiering.

Eigeninnsats (personellressursar)	kr 150.000
Eigne løyvingar	kr 150.000
Tilskot Handl.program for næringsutv	<u>kr 200.000</u>
Sum	<u>kr 500.000</u>

Netto belastning av budsjett 2016 og økonomiplan 2017 er etter dette kr 150.000. Rådmannen tilrår at dette vert finansiert budsjett og økonomiplan frå investeringsbudsjettet post: Tilrettelegging bustadfelt, planlegging, grunnkjøp mm.

## **Miljømessig konsekvens:**

Ingen

## **Vedlegg:**

Tilsegn om tilskot

